



Informasjon til føresette om Min Skole App

Ny app-løysing for tovegskommunikasjon mellom skule, SFO og heim i Time kommune

Avtalen mellom Time kommune og leverandør av app-løysinga SchoolLink går ut sommaren 2021. For å få ei heilskapleg løysing med eit brukargrensesnitt, har Time kommune inngått avtale med Visma om ei app-løysing for tovegskommunikasjon mellom skulen/SFO og heimen.

Time kommune ønskjer at alle føresette går over til å nytta den nye app'en frå **1.juni 2021** sånn at den nye løysinga kjem på plass før oppstart av nytt skuleår. SchoolLink vil ikkje fungere etter 1. august.

Du kan lasta ned app'en frå Google play eller App Store. Søk på: «**Min skule –foresatt**». App'en er tilgjengelig for nedlasting for føresette i Time kommune etter 10.mai 2021. Det er Visma som er leverandør. Du må identifisera deg med bank-ID første gong du loggar på, deretter nyttar du koden du opprettar ved første pålogging.

Om app'en «Min skule –foresatt»:

Via app'en kan føresette kommunisera med skulen/SFO, og ta imot informasjon. Funksjonar som finst i føresette apene:

- Senda melding til ein/fleire tilsette ved skulen, SFO og leiinga ved skulen der ein har barn
- Ta i mot melding frå tilsette/skulen, inkludert varslingar t.d. på SFO og digitale skjema.
- Melda og redigera fråvær for eleven
- Sjå informasjon knytt til SFO opphald og «SFO Tilstedeværelse»
- Sjå beskjedar frå føresette frå skulen knytt til «SFO Tilstedeværelse», og registrera eigne beskjedar
- Varsel om behandla søknadar som føresette har sendt til skulen
- Svare på digitale skjema/spørjingar sendt ut via App
- Endre på personlege innstillingar

Forklaring til føresette på Visma si heimeside:

<https://www.visma.no/skoleadministrasjon/grunnskole/min-skole/>

For meir utfyllande informasjon: [Min skule App Føresett](#)

Om du får vanskar med nedlastinga eller anna, kan du ta kontakt med den skulen din elev høyrer til.

Med beste helsing
Oppvekst i Time kommune